



God rekruttering i Uskedalen: No er det 23 elevvar i 1. klasse. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Medan Omvikdalen har auka folketalet med 26 og Bringedalsbygda med 52 i fjor har auken i Uskedalen berre vore på 3 personar. Folketalet er med andre ord stabilt i vår bygda slik det har vore i fleire år før. Ved årsskiftet budde det 1028 her, 725 i Omvikdalen og 631 i Bringedalsbygda. Kvinnherad sette rekord med 13.247 innbyggjarar. Den gamle rekorden var frå 1984 og 45 personar lågare.

Det er fjerde året på rad folketalet i kommunen veks.

I Uskedalen var det folketaletsrekord i 2008 med 1037 og 1996 kjem på andreplassen med 1029. Men i siste tiårsbolken har det vore ein bra økning, frå 972 i år 2000.

Fem skulekrinsar har meir enn 1.000 innbyggjarar: Husnes 2490, Sunde 1299, Valen 1108, Rosendal 1106 og Uskedalen 1028. Det er klarast nedgang på Sandvol I og i Mauranger.

Grenda, som har statistikken, tek det atterhald at den krinsvise fordelinga ikkje er heilt rett for 2008, 2009 og 2010. Men 2007 og 2011 skal vera direkte samanliknbare og i 2007 hadde Uskedalen 1014 innbyggjarar.

Folketalet i Kvinnherad viser ein betydeleg auke samanlikna med 1970 då det budde 12 075 her. Men skilnaden mellom 1980 og 2011 er berre 325.

Av Ola Matti Mathisen